

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Telefonmøte
Dato: Fredag 03.10.2014
Tidspunkt: 10:00

Vi viser til innkalling per e-post torsdag 25.09.14 gjeldande ei hastesak.

Kvart enkelt styremedlem blir ringt opp av nasjonalparksekretariatet rundt kl. 10.00.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Christian E. Pettersen. Vararepresentantar blir kalla inn etter nærare beskjed.

Vennleg helsing

Maria C. Knagenhjelm
Nasjonalparkforvaltar og sekretær for
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Knutepunkt: Feltstasjonen, Norsk Bremuseum i Fjærland
Besøksadresse: Rådhuset i Luster
Postadresse (arkiv): Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Tlf kontor: 57 64 31 37

Tlf mobil: 93 66 42 56

www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen

<https://www.facebook.com/jostedalsbreennasjonalpark>



Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 18/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/14	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 20/14	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - motorisert ferdslø i samband med filminnspeling		2014/3566

ST 18/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 19/14 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Arkivsaksnr: 2014/3566-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 30.09.2014

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	20/14	03.10.2014

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - motorisert ferdsle i samband med filminnspeling

Innstilling frå forvaltaren

Søknaden om helikopterlanding ved Flatbrehytta i Jostedalsbreen nasjonalpark, med føremål å frakte opp folk og utstyr i samband med innspeling av filmen Dukken i taket, vert avslått. Føremålet med motorferdsle er ikkje i tråd med føremålet med vernet, og filmproduksjonen vert oppmoda til å nytte seg av område utanfor nasjonalparken.

Saksopplysningar

Søknaden er datert den 22. september 2014 frå Per-Henry Borch, som er Line Producer på filmen «Dukken i taket», frå produksjonsselskapet Den siste skilling. Søknaden vart opphavleg sendt via Sogndal kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved tidlegare nasjonalparkforvaltar Tom Dybwad, og kom nasjonalparkforvaltaren i hende den 23. september.

Spelefilmen Dukken i taket vert per dags dato spelt inn i Fjærland, hovudsakleg i og rundt det tradisjonsrike Hotell Mundal. Fjærlandsbygda gir kontrastrike kulissar i denne norske spelefilmen inspirert av Ingvar Ambjørnsens bok med same tittel. Filmgenren er karakterisert som psychodrama, og er om lag 90 minuttar lang. Innspelninga går føre seg september og oktober 2014, og skal vere ferdigstilt i mai 2015.

I søknaden står det at «I forbindelse med opptakene er det scener i filmen hvor skuespillerne er ute og går i naturlandskapet. Vi ønsker å gjøre disse opptakene oppe ved Flatbrehytta.» Søkjar viser til at eigar/drivar av Flatbrehytta André Øygard, stiller seg positiv til filming rundt hytta (medrekna motorisert ferdsle). Dei ønskjer å nytte Airlift AS frå Førde. Føremålet med helikoptertransporten er å frakte personell (filmstab og skodespelarar) og utstyr. Dei søker om tre landingar ved Flatbrehytta for å frakte utstyr

opp, samt tre landingar på same plassen for å frakte alt ned igjen etter at filmminnspelinga er utført.

Opptaka er planlagt gjennomført på vekedagane i byrjinga av oktober. Dei ønskjer eit løyve som er «ope», slik at det kan vere ein fleksibilitet på når flyginga vert gjennomført; dette på grunn av både ustabile vêrtilhøve, samt tilgjenge på skodespelarane.

Nasjonalparkforvaltaren har vore i kontakt med søkjar Per-Henry Borch per telefon den 25.09.2014. Borch sa at det hasta med å få handsama søknaden, og at dei ville filme ved Flatbrehytta i begynninga av oktober.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.

- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsel er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Verneforskrifta opnar ikkje for at det kan bli gitt løyve til motorferdsel til filmminnspeling. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom *«det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita sitt skjønn innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Ved utøving av offentleg mynde skal også prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer for vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

Vurdering

Det er eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimum, jamfør søknaden ønskjer filmselskapet å frakte opp både utstyr til filmminnspelinga, samt personell (både filmstab og skodespelarar). Det er svært sjeldan at det vert gitt løyve til persontransport med helikopter i ein nasjonalpark.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, i kapittel 7.3.9, står fylgjande om motorisert ferdsel til den type føremål det er søkt om her:

«h) Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. IV) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.»

«j) Landing og lågtflyging av turistar i nasjonalparken er forbode, og dispensasjon for dette vil ikkje verte gjeve. Det er heller ikkje høve til å gje dispensasjon for landing etter Lov om motorferdsel i utmark med tilhøyrande forskrifter.»

I fylgje søkjar vil filmen vise området ved og rundt Flatbrehytta som ein kulisse der skodespelarane er ute og går i naturlandskapet. Filmen vil, slik nasjonalparkforvaltaren har oppfatta søknaden, ikkje ha som føremål å formidle verneverdiane, og ikkje ha innhald i tråd med føremålet med vernet. Det er avgjerande for eit eventuelt løyve at filmene formidlar verdiar som er i tråd med verneføremålet.

Fråvær av støy er ein viktig del av kvaliteten i nasjonalparken, og dette ligg til grunn for dei reglane som gjeld for motorisert ferdsel. Samstundes føreset den tilsikta bruken og opplevinga av områda i ein del tilfelle at det vert gjeve høve til motorisert transport, t.d. i samband med vøling av bygningar, og til proviantering til hytter som er viktige for friluftslivet. Såleis er det føresett ei kritisk vurdering av kva som skal reknast som naudsynt motorferdsel, slik at den ønskta bruken av området kan halde fram, samstundes som omfanget av motorferdsel vert halde på eit lågt nivå.

I den aktuelle saka ser nasjonalparkforvaltaren at dei flotte naturområda vert presenterte på ein fengande måte for målgrupper som elles ikkje er interesserte i natur og naturvern, og at ein spelefilm såleis når ut til så mange. Men filmen formidlar ikkje verdien og kvalitetar i nasjonalparken sidan naturen og nasjonalparken ikkje er tema i spelefilmen. Det er også vanskeleg å sjå at den omsøkte filminga er avhengig av å skje i inne i nasjonalparken. Både Fjærland og andre område i Sogn har fjordlandskap med mange gode plassar for å filme menneske i vill og dramatisk natur. Det er når eit filmprogram har som formål å informere om geologi, landskapsformar, natur og naturhistorie, kulturminne, friluftsliv eller anna som er spesielt for Jostedalsbreen nasjonalpark at ein er avhengig av å filme innanfor nasjonalparken. Planane om filming ved Mundal Hotel og Fjærland må ha vore lagt for fleire månader sidan. At filming så absolutt må skje ved Flatbrehytta inne i nasjonalparken verkar i tillegg litt spontant når søknaden om dette kjem svært kort tid før filmopptak skal skje.

Nasjonalparkforvaltaren meiner også at det mest sannsynleg vil kome liknande søknadar om helikoptertransport med opptak av film utan tilknytning til Jostedalsbreen sin natur og vernestatus. Søknaden vil difor kunne danne presedens i liknande saker i framtida.

Motorisert ferdsel bryt med inntrykket av eit område i «naturleg tilstand», som er del av verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette er ein viktig grunn til ei restriktiv haldning til motorisert transport i nasjonalparken. Det vil også verke uroande for utøvarar av friluftsliv. Motorisert ferdsel er difor i strid med føremålet med vernet, men nyttetransport kan få løyve. Omfanget av aktiviteten avgjer om det kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Nasjonalparkstyret har handsama søknader om motorferdsle i samband med film og media tidlegare, men då har føremålet med filmen vore å formidle verdiar knytt til

geologi og landskap (NRK-dokumentar om geologi) eller enkelt friluftsliv (vandringsfilm om Skåla).

Forvaltaren har samla inn erfaringar frå andre verneområde. Både Breheimen nasjonalpark (med den internasjonale spelefilmen Into the White) og Nærøyfjorden landskapsvernområde (uklart kva tittel på filmen var) har hatt dialog med dei interesserte filmselskapa om det var absolutt naudsynt å filme inne i verneområda. Gjennom denne dialogen klarte dei å flytte den planlagde filminnspelninga til område utanfor vernegrensa, og det skapte ingen vidare utfordringar. I 2010 avslø Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei søknad frå produksjonsselskapet bak filminga «Man vs Wild» ei søknad om motorisert ferdsle i Nærøyfjorden og Stølsheimen landskapsvernområde.

Den 14.10.2013 gjorde Klima- og miljødepartementet den endelege klagehandsaminga i ei sak som likner vår sak. Saka omhandla ei innspelning av eit reklameprodukt (same kategori som spelefilm, jf forvaltningsplanen) i Eikedalsvatnet landskapsvernområde. Arbeidsutvalet i styret gav løyve til motorisert ferdsle, men Fylkesmannen påklaga vedtaket. Nasjonalparkforvaltaren vil understreke at nasjonalpark har eit langt strengare vern enn landskapsvernområde.

Departementet skriv i si utgreiing:

Etter ei samla vurdering har departementet teke klagen til følgje og treft nytt vedtak i saka. Det fanst andre alternativ for tiltakshavar. Det er eit overordna mål å ikkje ha motorferdsel i utmark generelt, og i verneområde spesielt. Bruk av helikopter til produksjon av film og foto bør reserverast prosjekt som har tilknytning til verneområda og som kan bidra til å promotere friluftsliv og andre aktivitetar i samsvar med verneformålet, ikkje andre kommersielle produkt. (...)

Departementet er derfor samd med klagar og direktoratet i at dispensasjon til slike tiltak på sikt kan medføre ei svekking av vernet. Det er ikkje i samsvar med verken verneformålet eller føremålet til naturmangfaldlova § 48 å bidra til dette gjennom å opne opp for ein serie vedtak med dispensasjon til mindre inngrep. Er det uvisse om konsekvensane på lang sikt, skal ein leggje til grunn ei føre var-tilnærming. Dette talar etter departementet sitt syn for at arbeidsutvalet burde ha gjort ei meir utførlig vurdering av om vilkåra for å gje dispensasjon var oppfylt, samt effektane på verneverdiane i eit lengre perspektiv, jf. naturmangfaldlova § 48 fjerde ledd og § 10. (...)

Departementet viser til at det finns andre toppar utanfor verneområdet som i staden kan nyttast til innspelning av reklamefilm. Vidare legg departementet til grunn at det også hadde vore høve til å gjere filmopptak innanfor verneområdet, men utan bruk av helikopter. Det er eit overordna mål å redusere motorferdsla i utmark generelt og i verneområda spesielt. Omsynet til verneinteressene bør i den skjønsmessige vurderinga etter § 48 vege tyngre enn omsynet til kommersielle produkt. (...)

... dispensasjon til bruk av helikopter til produksjon av film og foto i verneområde, i den grad ein skal tillate det, bør reserverast prosjekt som har tilknytning til verneområda og som kan bidra til å promotere friluftsliv og andre aktivitetar i samsvar med verneformålet, ikkje andre kommersielle produkt.

Saka i si heilskap kan lesast her: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/tema/naturmangfold/saker-etter-naturmangfoldloven/2013/eikedalsvatnet-landskapsvernomrade---2.html?id=742892>

Medan kunnskapsgrunnlaget, med erfaring frå fleire saker om motorisert ferdsel dei siste åra, er tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8), er det fare for at eit løyve vil kunne føre til ein presedens i liknande saker. Presedensen eit løyve kan føre til, tilseier at ein kan få ein større grad av motorisert ferdsel i nasjonalparken, som i sum kan bli alvorleg for naturmangfaldet (§ 9), og kan føre til ein større samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldlova § 10). Nasjonalparkforvaltaren vurderer at naturmangfaldlova si § 11 ikkje er relevant for saka, då framlegget til vedtak er avslag på søknaden. Som departementet skriv i si vurdering i saka om Eikedalsvatnet, så kan produksjonsselskapet sjølv sagt filme inne i nasjonalparken, men med ein driftsmetode utan bruk av motorisert ferdsle (naturmangfaldlova § 12).

Nasjonalparkforvaltaren vurderer vilkåra i naturmangfaldlova § 48 om at tiltaket ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje kunne påverke verneverdiane nemneverdig, til å ikkje vere oppfylte. Tiltaket er heller ikkje naudsynt av omsyn til sikkerheit eller av omsyn til vesentlege samfunnsinteresser. Nasjonalparkforvaltaren konkluderer difor med at søknaden må bli avslått.